

## **Internasjonalt arbeid Møteplassen**

### **Mål og handlingsplan 2017**

Meland kommune har vedtatt å ta imot 140 flyktninger fra 2015-2019. I tillegg kjem familiegjenforeining. Kommunen har også ein stor flokk med arbeidsinnvandrarar og andre som har kom til Meland i vaksen alder. Fleire av desse har dårlig norsk-kunnskap, og ektefellen til den som fekk jobb kjem seg gjerne ikkje i arbeid av denne grunn. Kyrkja ser sitt medansvar i å skape gode møteplassar for integrering og har fått ei god ramme for det i det nye lokalet Møteplassen, lokalisert i Frekhaug sentrum. Eldsjeler har sett i gang allereie frå hausten 2015. Tiltaket er godt i gang med veksande oppslutning, og viser seg å ha livets rett. Etter kvart som tiltaket vert meir kjent, auker oppslutninga

Målgruppe: Flyktningar/asylsøkarar, arbeidsinnvandrarar, nordmenn som ønsker å vere med som medarbeidarar eller berre delta for å bli kjent med nye Melandsbuvarar.

#### **Mål:**

- Å bidra til god integrering av flyktningar og andre innvandrarar i Melandsbygdene.
- \* gje gratis tilbod om norskopplæring til dei som ikkje har tilbod frå det offentlege, eller meir opplæring for dei som synes det offentlege tilbodet blir for lite.
- \* fremje relasjonsbygging og vennskap og norsk-læring gjennom samtale.

#### **Organisering:**

- \*Norskurs mandagar 18.00-19.30. Brukar læreverket "Ny i Norge". Fire frivillige lærararar som gjer dette utan lønn. Studentane betaler berre lærebøkene.
- \* Internasjonal kafe mandagar 19.30-ca 21.00. Nokre gonger utan program, nokre gonger quiz, innspel til samtale om eit tema, musikk, felles hobby eller matlagingsprosjekt etc. . Frivillige norsklærarar med kompetanse som lærarar og tidlegare norsklærarar for utlendingar. 4 personar.
- Frivillige kafevertar .6-8 medarbeidarar til no.Skysstenester
- Noko oppfølging frå stab (kyrkjeverje)for organisering, PR og praktisk tilrettelegging

#### **Målsetjingar for 2017:**

Utvikle kafeen meir med innlånte personar til å ha eit lite miniforedrag/innlegg som innleiing til samtale, spelekeldar (brettspel etc) og liknande. Sende medarbeidarane på kurs og konferansar